

VEDTEKTER FOR N.M.K. HARDANGER

Klubben er stifta den 18.11.1998.

Vedtektene er godkjende av medlemsmøte den 18.11.1998. Siste endring/ revidering den 16.02.2000.

§1. Formål

- a) Klubben er sjølveigande og frittstående med kun personlege medlemmer. Verksemdar/lag/organisasjonar som ynskjer å yta tilskot til drifta av klubben har høve til det.
- b) Formålet med klubben er å driva motorsport organisert i Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité
- c) Å skapa interesse for motorsport gjennom konkurransar, samkomer og opplæring
- d) Å oppretta og driva ein eller fleire banar/anlegg for motorsport innan dei tre kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda

§2. Organisatorisk tilknytning

Klubben er medlem av Norsk Motor Klubb og Norges Motorsykkelforbund, og medlem i Norges Idrettsforbund (NIF) og Olympiske Komité gjennom Hordaland Idrettskrets.

Klubben er medlem av dei særforbund som klubben sitt årsmøte bestemmer.

Klubben femner primært om kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda, og er medlem av Idrettsrådet i Ullensvang.

Kapittel 1, 2, 5, 11, 12 og 13 i NIFs Lov gjeld for klubben, uansett kva som måtte stå i klubben sine egne vedtekter.

§3. Medlemer

Alle som lovar å retta seg etter lover og bestemmelsar vedtekne av klubben, og av klubben sine overordna innan den organiserte idretten, kan verta opptekne som medlemmer.

Alle medlemmer pliktar å halda seg til lover og bestemmelsar som er vedtekne av Norges Idrettsforbund, deira organisasjonsledd og medlemmer, og av klubben.

Ein kan ikkje verta medlem dersom økonomiske forpliktelsar overfor Norges Idrettsforbund, eller deira organisasjonsledd eller medlemmer, ikkje er gjort opp.

Medlemskapet i klubben er gyldig, og vert rekna frå, den dagen den første kontingenten vert betalt.

§4. Røysterett/valg

For å ha røysterett på klubben sine møte, må eit medlem ha fyllt 15 år, ha vore medlem i minst 1 månad og ikkje skulde klubben kontingent.

Alle medlemmer med røysterett, og som ikkje er tilsett i klubben, kan veljast til tillitsverv i klubben, og som utsendingar til ting eller møte i overordna idrettsorganisasjon.

§5. Kontingent

Kontingenten er lik den til einkvar tid gjeldande kontingent fastsett av Norsk Motor Klubb. Den skal betalast forskotsvis. Årsmøtet kan, med 2/3 fleirtal, og for 1 år av gongen, vedta ekstra kontingent øyremerka til særskilte tiltak.

Medlemer som skuldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke vedkomande som medlem i klubben. Medlemer som er strokne, kan ikkje takast inn att før skuldig kontingent er betalt.

§6. Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde kan motta eit rimeleg honorar for det arbeidet dei gjer, samt dekning av faktiske utgifter, herunder tapt arbeidsforteneste.

Slikt honorar/slike utgifter skal framgå i klubben sitt budsjett, og vera spesifisert i klubben sin rekneskap.

§7. Inhabilitet

For tillitsvalde i klubben, oppnemnde tillitspersonar og tilsette i klubben gjeld Norges Idrettsforbund sine inhabilitetsreglar, jfr. NIFs Lov, §2-7.

§8. Straffesaker

NIFs Lov, kapittel 11, (NIFs straffebestemmelser), skal gjelda i alle straffesaker.

§9. Årsmøte

Klubben sitt høgaste organ er årsmøtet, som skal haldast kvart år innan utgangen av februar månad. Styret skal kalla inn til årsmøte med minst 1 månads varsel, enten direkte til medlemene, eller ved kunngjering gjennom pressa. Klubben kan på ordinært årsmøte med to tredjedels fleirtal gjera vedtak om å endra §9, 1. setning, slik at tidspunktet for årsmøtet eventuelt vert meir i tråd med lokale tilhøve.

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet, må vera sendt til styret minst 2 veker før årsmøtet.

Fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemene minst 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemer i klubben har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vera til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det antall personar med røysterett som møter. Ingen har meir enn ei røyst, og røysting ved fullmakt er ikkje tillete.

Framlegg til lovendingar som ikkje er oppført på saklista seinast 1 veke før årsmøtet, kan ikkje handsamast på årsmøtet.

Andre saker kan fremjast, handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det.

Eit slikt krav må setjast fram i samband med vedtak om godkjenning av saklista.

§10. Leiing av årsmøtet

Årsmøtet skal leiast av ein vald dirigent. Dirigenten treng ikkje vera medlem av klubben.

§11. Røysting på årsmøtet

Dersom ikkje anna er bestemt, er eit vedtak gyldig ved alminneleg fleirtal blant avgitte røyster. Blanke røyster skal ikkje reknast med. Avrøystinga skal vera hemmeleg og skriftleg dersom nokon av dei frammøtte krev det, eller dersom det ligg føre meir enn 1 framlegg.

Dei vedtak som vert gjort, må vera i samsvar med lover og bestemmelsar vedtekne av overordna idrettsorganisasjonar.

Alle medlemmer med røysterett er valgbare. Berre kandidatar som det er gjort framlegg om kan førast opp på røystesetelen. Dersom fleire skal veljast ved same avrøysting, må røystesetelen innehalda det antal ulike kandidatar som skal veljast ved den aktuelle avrøystinga.

Røystesetlar som er blanke, som inneheld navn det ikkje er gjort framlegg om eller som har eit anna antall kandidatar enn det som skal veljast, skal ikkje reknast med.

Når valg foregår enkeltvis, og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei røystene som er gjevne, skal det gjerast eit bunde omvalg mellom dei to kandidatane som har fått flest røyster. Dersom omvalget gjev likt røystetal for dei to, skal valget avgjerast ved loddtrekning.

Når det skal veljast fleire i same avrøysting, må alle ha meir enn halvparten av dei røystene som er gjevne. (Dette gjeld ikkje ved valg av vararepresentantar).

Dersom ikkje alle kandidatane oppnår dette i første omgang, vert dei som har fått meir enn halvparten av røystene, rekna som valde.

Det må så gjerast eit bunde omvalg mellom dei øvrige kandidatane. Etter omvalget vert dei som der har fått flest røyster rekna som valde. Dersom omvalget gjev likt røystetal, skal valget avgjerast ved loddtrekning.

Leiar, nestleiar, minimum 1 av styremedlemene og 2 revisorar skal veljast for 2 år om gongen, og er vekselvis på val. Det eine året er leiar, 2 styremedlemmer og 1 revisor på val. Øvrige tillitsvalde i klubben kan veljast for 1 år.

Det skal tilstrebast at styret er nokolunde jevnt samansett av medlemmer frå dei tre kommunane som klubben femner om.

§12. Oppgåvene til årsmøtet

Årsmøtet skal:

1. Handsama årsmelding, herunder årsmeldingane til eventuelle undergrupper.
2. Handsama rekneskapen i revidert stand. Herunder også rekneskapen til eventuelle undergrupper.
3. Handsame innkome framlegg/saker.
4. Fastsetje eventuelle tilleggsavgifter/ekstra kontingent (i tillegg til ordinær medlemskontingent).
5. Vedta budsjett og planar for drifta fram mot neste årsmøte. Herunder også budsjett og planar for eventuelle undergrupper.
6. Bestemme klubben sin organisasjon. Jfr. §15.
7. Velje fylgjande tillitsvalde, (jfr. og §11):
 - a) Leiar, nestleiar, 3 styremedlemer og 2 varamedlemer.
 - b) 2 revisorar.
 - c) Representant(ar) til Idrettsrådet i kommunen.
 - d) Representant(ar) til Ting i dei organisasjonar klubben er tilslutta.
 - e) Representant(ar) til Landsmøtet i Norsk Motor Klubb
 - f) Valgkomité med 3 eller 5 medlemer
8. Godkjenne valgte styre i eventuelle undergrupper

§13. Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte skal haldast når styret eller overordna idrettsorgan bestemmer det, eller når minst 1/3 av dei røysteføre medlemmene krev det.

Det skal kallast inn på same måte som ved ordinært årsmøte, med minst 2 vekers varsel. Eit ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og avgjere saker som var kunngjort i innkallinga.

§14. Styret

Klubben vert leia av eit styre på 5 personar. Jfr. §§10 og 11.

Leiar og nestleiar vert valde ved særskilt valg på årsmøtet. Øvrige valgte styremedlemer fordeler sjølv oppgåvene som sekretær, kasserar, materialforvaltar (og evt. andre verv som styret finn hensiktsmessig), seg imellom. Leiarane av eventuelle undergrupper skal ha kopi av innkalling til styremøte, og har møte- og talerett men ikkje røysterett.

Styret skal:

1. Setje i verk vedtak fatta av årsmøtet og overordna idrettsorgan.
2. Etter behov oppnevne komitéar/utvalg/personar for særskilte oppgåver, samt utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre naudsynt kontroll med økonomien i klubben, i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande instruksar og vedtekter for idretten.
4. Representere klubben utad.

Styret kan bestemme andre oppgåver i tillegg.

Styret held møte når leiaren bestemmer det, eller eit fleirtall av styremedlemene krev det, eller når eit fleirtal av klubben sine medlemer krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemene er tilstades. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal skal leiaren si røyst telje dobbelt.

Medlemsmøte skal heldast når styret finn det naudsynt.

Styret sitt arbeid:

1. Leiaren har det daglege ansvaret. Han/ho skal, dersom ikkje anna er bestemt, anvise alle utbetalingar, og leia styremøte og medlemsmøte. Han skal sjå til at valg, adresse-endringar og liknande som har interesse for idrettskrets og forbund vert meldt. Leiaren, saman med kasseraren, må sende inn oppgåve over klubben sine medlemmer pr. 31. desember til Norges Idrettsforbund, via Hordaland Idrettskrets.
2. Nestleiaren fungerer som leiar dersom leiaren er fråværande.
3. Sekretæren skal føre protokoll/referat over alle styremøte, medlemsmøte og årsmøte. I samråd med leiaren skal han føre klubben sin korrespondanse. Han skal dessutan vere klubben sin arkivar.
4. Kasseraren pliktar å setja seg inn i dei instruksar og bestemmelsar som til einkvar tid gjeld for idretten. (Jfr. heftet "Idrettens kontoplan"). Han/ho skal føre klubben sin rekneskap i samsvar med dette. Klubben sine midlar skal setjast inn på konto i bank eller oppbevarast på annan tilfredstillande måte. **Midlane kan ikkje takast ut eller nyttast til betaling av fordringar utan underskrift frå enten fungerande leiar eller kasserar.** Styret kan bestemma om kasseraren til einkvar tid skal ha ein viss mengde kontante midlar tilgjengeleg.
Styremedlemmer og gruppe-/avdelingsleiarar har høve til, på klubben sin rekning, å kjøpa inn driftsmidlar og rekvisita for den daglege drifta, t.d. kioskvarer, bensin og oljer. Andre innkjøp, deler/utstyr m.m., skal godkjennast av styret før innkjøp.
5. Materialforvaltaren har ansvar for å sjå etter at klubben sitt utstyr og eiendeler er på plass og i orden til einkvar tid. Manglar skal rapporterast til leiar snarast.
6. Revisorane skal gå gjennom rekneskapen i samsvar med revisjonsbestemmelsane til idretten. (Jfr. heftet "Idrettens kontoplan").

§15. Grupper/avdelingar

1. Dersom klubben sitt årsmøte har gjort vedtak om å opprette undergrupper/avdelingar, skal kvar gruppe/avdeling leiest av eit styre på minst 3 medlemmer, valgt på gruppeårsmøte.
Gruppestyret skal godkjennast av klubben sitt årsmøte.
For gruppeårsmøtet, som skal heldast før klubben sitt årsmøte, gjeld bestemmelsane i §12 så langt dei passar. Gruppleiaren skal ha kopi av innkalling til klubben sine styremøte. Jfr. §14. Eit anna medlem i gruppestyret skal vera gruppleiaren sin personlege varamann. Gruppestyret skal utvidast med klubben sin kasserar ved arrangement av økonomisk betyding for klubben.
2. Heile klubben heftar for undergrupper/avdelingar sine økonomiske forpliktelsar, og undergrupper/avdelingar kan ikkje inngå avtaler eller representere klubben utad utan godkjenning frå klubben sitt styre. Grupper/avdelinga sitt årsmøte kan vedta tilleggskontingent til særformål innan gruppa/avdelinga. Desse midlane vert disponert av gruppestyret.

3. Gruppestyret skal handsame faglege saker som gjeld gruppa si idretts-/sportsgrein. Det skal gjerast framlegg for klubben sitt styre om evt. stevne, og om kven som skal stå for det tekniske arrangementet. I idrettstekniske/ sportstekniske saker som berre vedgår gruppa, kan gruppa handle sjølvstendig. Gruppestyret skal syte for å få fram gruppa sine medlemmer til stevne, og dersom det er naudsynt, fungere som uttakskomité og sende rapportar til klubben sitt styre. Gruppestyret skal på klubben sitt årsmøte leggje fram ei idrettsleg melding om verksemda i gruppa, deltaking og plassering i stevne m.v.

§16. Lovendringar

Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte, etter å ha vore oppførte på saklista, og det vert kravd 2/3 fleirtal av gjevne røyster. Lovendringar må sendast Idrettskretsstyret til godkjenning og trer ikkje i kraft før dei er godkjente.

§17 kan ikkje endrast.

§17. Oppløysing/avvikling av klubben

Handsaming av oppløysing/avvikling av klubben kan berre skje på ordinært årsmøte. Dersom oppløysing/avvikling vert vedteke med minimum 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

For at oppløysing/avvikling skal skje, må vedtaket her gjentakast med minimum 2/3 fleirtal.

Samanslutning med andre klubbar vert ikkje rekna som oppløysing/avvikling.

Vedtaket om samanslutning, og naudsynte vedtektsendringar i tilknytning til dette, skal treffast i samsvar med bestemmelsane om lovendring. (Jfr. §16).

I tilfelle oppløysing/avvikling skal klubben sine eiendeler tilfalla Norges Idrettsforbund, eller føremål godkjent av Idrettskretsstyret.

Ved oppløysing/avvikling skal klubben sitt arkiv sendast til Idrettskretsen.

§18. Norsk Motor Klubb sine merke og fortjenestemerke

Statuttar for tildeling av merke er fastsett av Landsmøtet i NMK. Statuttar for tildeling av fortjenestemerke er fastsett i egne retningslinjer som er godkjent av Landsmøtet i NMK.